

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 22.06.2017

Sakliste:
- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Godkjenning av møtebok
- Delegasjonssaker
- Skriv og meldingar
- Arbeidsgjevarkontrollen i HAFS - oppseiling av avtale med Solund kommune
- Driftsrapport 1. tertial 2017
- Forvaltningsrevisjonsprosjekt Gulen kommune. «Inntektsområdet»
- Godkjenning av samarbeidsavtale om opplæringstilbod til minoritetsspråkleg ungdom
- Godkjenning av årsrekneskap 2016 for Gulen kommune
- Godkjenning av årsmelding 2016 for Gulen kommune
- Godkjenning av årsmelding 2016 for kontrollutvalet i Gulen kommune
- Handlings- og økonomiplan 2018-21
- Lokal forskrift for tildeling av langtidsplass på sjukeheim i Gulen kommune
- Organisering av legetenesta i Gulen
- Region Nordhordland Helsehus IKS. Kommunal godkjenning av utvida rammer for låneoppptak.
- Statusrapport finansforvaltning pr. 30.04.2017
- Utvida kapasitet på kommunalt avløpsnett i Nesevågen på Byrknes
- Ny forskrift for vass- og avløpsgebyr for Gulen kommune
- Interkommunalt byggetilsyn (NGIT). Godkjenning av ny avtale frå 01.07.2017.
- Vassleidning i ny fylkesveg til Skipavika
- Val av medlem til kontrollutvalet

**Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i
Eivindvik kl. 10.**

Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen,
og på internett: www.gulen.kommune.no
Nye saker kan kome til. Møte er ope for publikum.

Alle er velkomne.

Hallvard Oppedal
Ordførar

Utvida utgåve av Infoposten

Årsmelding 2016 til Gulen kommune finn du bakerst
i bladet.

Helsing frå ordførar Hallvard

Kjære alle, då var vi vel i hamn med Tour des Fjords i Brekke, eit stort arrangement for vår kommune. Det var fantastisk at så mange folk kom og var med på festen. Veldig kjekt å sjå alle ungane som var med på sykkelløpet, og som smilande sykla runden medan publikum stod tett opp til og heia dei fram. Ei stor oppleving både for små og store. Dagen i Brekke gjekk heilt etter planen, og det takka vere alle dei frivillige laga som var med og som stod for alt sal i bodene og mykje av førebuinga og riggingen før og etter festen.

Det er mykje arbeid, og mykje som skal samordnast og forberedast, og det er her våre frivillige gjer ein kjempeinnsats. Eg er imponert over alle dyktige folk rundt i heile kommunen. Takk skal de ha alle saman. Alt dette gjer at vi kan ta imot slike store arrangement i ein så liten kommune, det gjer noko med Sjølvkjensla vår.

Så kunne vi ha ynskt oss meir sendetid på fjernsyn, det ser vi også andre stader der løpet har gått, men alt i alt var dette ein fantastisk dag for oss alle, og ei god profilering av kommunen vår.



No går det fort mot sommar, og kommunestyre skal ha sitt siste møte før ferien der vi skal vedta økonomiplanen for dei nærmaste åra, eit viktig arbeid for å sikre velferda for oss alle.

Eg vil få ynskje dykk alle ein god sommar, ta vare på kvarandre og gje dykk litt tid i lag.

Utlegg til offentleg ettersyn

Framlegg til **Handlings- og økonomiplan 2018-21** for Gulen kommune, med formannskapet si innstilling, ligg til offentleg ettersyn ved ekspedisjonen i kommunehuset og på www.gulen.kommune.no i perioden **02.06.17-16.06.2017**.

Merknader til saka kan sendast til kommunen pr post eller e-post.

Kommunestyret skal behandle saka 22.06.2017. Merknader som vert mottatt fram til 14.06. vil kunne distribuerast til kommunestyremedlemene i lag med utsending av saker ei veke før møtet. Innspel som kjem seinare vert ettersende eller lagt fram på møtet 22.06.2017.

Stortings- og sametingsvalet 2017

Den 11. september 2017 er det stortings- og sametingsval i Noreg.

Informasjon om manntal

For å kunne røyste ved stortingsvalet, må du stå oppført i manntalet i ein kommune.

Veljarar busette i Noreg

Alle personar med røysterett blir automatisk ført i manntalet i den kommunen der dei var registrert som busette per 30. juni i 2017. Dersom du har flytta til ein annan kommune etter 1. juli, er du framleis registrert i manntalet og har røysterett i den kommunen du flytte frå.

Veljarar busette i utlandet

Dersom du bur i utlandet, men har vore registrert som busett og med røysterett i Noreg i løpet av dei siste ti åra, blir du automatisk ført inn i manntalet i den kommunen der du var registrert som busett då du flytta frå Noreg.

Tid og stad for utlegging av manntalet i Gulen

Manntalet for heile kommunen vert lagt ut den 3. juli i ekspedisjonen til kommunehuset, Eivindvik. Lista vert liggjande ute fram til valdagen.

Du kan kontrollere at du står oppført der, enten ved å møte opp, eller ved å ringje til ekspedisjonen på tlf. 57 78 20 00.

Om du ikkje står i manntalet, eller om det er andre feil, kan du klage skriftleg til Gulen valstyre, Eivindvikvegen 1119, 5966 Eivindvik.

E-post: postmottak@gulen.kommune.no

Valkort

Alle veljarar får tilsendt valkort i posten frå sin kommune i månadsskifte juli/august.

Valkortet blir utarbeida på grunnlag av opplysningar i folkeregisteret om bustadadressa di pr 30. juni i valåret. Der finn du informasjon om opningstid og vallokale på valdagen.

Ta med deg valkortet når du skal røyste!

Det forenklar arbeidet for valfunksjonærane, og det går derfor raskare for deg.

Har du ikkje motteke valkortet, eller har mista eller gløymt det, får du likevel røyste.

NB! Ha gyldig legitimasjon i tillegg. Det er ikkje sikkert at valfunksjonæren veit kven du er.

Tidlegrøysting

Du kan røyste frå 1. juli dersom du ikkje har høve til å gjere det i den ordinære perioden for førehandsrøysting, og heller ikkje på valdagen. I perioden 1. juli til og med 9. august må du då kontakte kommunen på telefon 57 78 20 00 og avtale tid for å røyste. Røystelokalet er på kommunehuset i Eivindvik.

Ordinær førehandsrøysting

Den 10. august startar den ordinære førehandsrøystinga. Du kan røyste på førehand heilt fram til og med 8. september. Lokale til førehandsrøystinga er på kommunehuset, med opningstid kvar arbeidsdag mellom kl 10 og 14. I tillegg vert det høve å røyste på sjukeheimen, på bu- og omsorgssentera og på Vidsyn i løpet av fredag/laurdag 1. – 2. september. Nærare opplysningar vil komme i neste Infopost, og ved oppslag på butikkar.

Sjå elles www.valg.no. Der finn du mellom anna informasjonsbrosjyre på ulike språk.

Tilskot til veglys

I budsjett for 2017 har kommunen sett av kr 100 000 i driftstilskot til veglys i bygdene.



Kriterium for tilskot

- Drifta er organisert i eit eige lag, med eit ansvarleg styre
- Laget fører rekneskap og skriv årsmelding
- Laget driftar 10 lyspunkt eller meir

Send inn søknad og legg ved siste års rekneskap/årsmelding til:
postmottak@gulen.kommune.no
innan **01.07.2017**.

Merk:

- Det **skal** gå fram av årsmeldinga eller i søknaden kor mange lyspunkt laget driftar.
- Søknaden **må** innehalde; Namn på leiar eller kasserar for laget, fullstendig postadresse, org.nr, kontonummer for utbetaling og e-post.

Legetenesta er i endring

Etter svært mange år med stabil legeteneste er vi no i ein situasjon der nokre av legane våre pensjonerer seg.

Anita Pettersen (ingen endring)

Tommy Norman (sluttar i løpet av juli månad)
Tom Bache-Wiig (fortset som kommunal vikar)

Vi takkar Tommy Norman for hans engasjement for legetenesta i Gulen gjennom mange år.



Vi er svært glade for at vi no har tilsett ny lege som startar 15.08.2017. Den nye kommunelege overtek pasientlista til Tommy Norman. Legen heiter **Brita Wesenlund Hjønnevåg** og er oppvaksen i Solund. Brita bur i dag i Sør-Rogaland, men flytta no til Gulen med mann og 3 born.

Nye telefonnummer til kommunale bygg

Desse bygga har fått nye hovudnummer:

BREKKE SKULE	57781700
BREKKE BARNEHAGE	57781705
BYRKNES SKULE	57781710
BYRKNES BARNEHAGE	57781715
DALSØYRA SKULE	57781720
DALSØYRA BARNEHAGE, AVD. DALSØYRA	57781725
DALSØYRA BARNEHAGE, AVD. EIDSBOTN	57781740
EIVINDVIK SKULE	57781730
EIVINDVIK BARNEHAGE	57781735
EIVINDVIK BU- OG OMSORGSSENTER	57781620
BREKKE BU- OG OMSORGSSENTER	57781630
BYRKNES BU- OG OMSORGSSENTER	57781640
DALSØYRA BU- OG OMSORGSSENTER	57781650
PU-TENESTA	57781660

Når ein ringer desse nummera kan det vere at ein møter eit automatisk svar som rettleier deg vidare til rett avdeling eller person. Dette for at du raskare og enklare skal få svar hos dei du ønskjer å snakke med.

Løysinga er under utvikling så vi tar gjerne mot tilbakemeldingar og synspunkt.

Bak hovudnummeret ligg ein del mobiltelefonar og kontortelefonar som framleis vil vere mogleg å kontakte direkte som før. Gamle isdn-nummer vil innan kort tid bli avslutta. Dei nye telefonnummara skal vere tilgjengelig på kommunen og skulane sine heimesider.

Vi er glade for at krossen igjen er på plass ved kyrkja



Skule- og barnehagerute 2017-2018

AUGUST (9 dagar)

Første skuledag: måndag 21. august

SEPTEMBER (21 dagar)

OKTOBER (17 dagar)

Haustferie måndag 9. til fredag 13. oktober (v. 41)

NOVEMBER (22 dagar)

Elevfri dag: måndag 20. november

DESEMBER (15 dagar)

Siste skuledag før jul: torsdag 21. desember

JANUAR (21 dagar)

Første skuledag: onsdag 3. januar

FEBRUAR (15 dagar)

Vinterferie: 19. februar – 23. februar (veke 8)

MARS (17 dagar)

Siste skuledag før påske er fredag 23. mars

Første skuledag etter påske: tysdag 3. april

APRIL (20 dagar)

MAI (18 dagar)

Elevfrie dag: fredag 18. mai

JUNI (16 dagar)

Siste skuledag : fredag 22. juni

Tilsaman er det **190 dagar** dette skuleåret

Planleggingsdagar barnehage (barnehagen er stengd):

Måndag 14. august

Måndag 9. oktober

Måndag 20. november

Tysdag 2. januar

Fredag 11. mai



Følg Gulen kommune på Facebook, eller på heimesida www.gulen.kommune.no



ÅRSMELDING 2016

FOR

GULEN KOMMUNE

POLITISK ORGANISERING

Kommunestyret

Senterpartiet (9): Hallvard H. Oppedal (ordførar), Helga Irene Ellingsen, Lars Atle Larsen, Kristin Margrete Byrknes, Johnny L. Langvatn, Jon Ivar Steine, Lars Magnus Neverdal, Rolf Daniel Midtun, Arnhild Kjellevold Høgje (5): Anne-Mette Dahl Andreassen, Stein-Inge Larsen, Bjørn Brekke, Ivar Eide, Kristin Mjanger Arbeidarpartiet (3): Odd Harald Eide (varaordførar), Gerd Ingunn Ynnesdal, Rune Håvåg Venstre (3): Bjarte Undertun, Daniel Olai Kvernøy, Margrethe Thune Trædal, Kristeleg Folkeparti (1): Ingolf Wergeland

Formannskapet

Hallvard H. Oppedal (Sp), Helga Irene Ellingsen (Sp), Ivar Eide (H), Odd Harald Eide (AP), Bjarte Undertun (V)


Hovudutvala

Plan og utvikling: Lars Atle Larsen (Sp, leiar), Rune Håvåg (Ap, nestleiar), Arnhild Kjellevold (Sp), Stein-Inge Larsen (H), Daniel Olai Larsen (V)

Omsorg: Johnny L. Langvatn (Sp, leiar), Merete Å. Misje (Ap, nestleiar), Kristin Margrete Byrknes (Sp), Anne-Mette Dahl Andreassen (H), Ingolf Wergeland (Krf)

Oppvekst: Rolf Daniel Midtun (Sp, leiar), Gerd Ingunn Ynnesdal (Ap, nestleiar), Lars Magnus Neverdal (Sp), Ingvild Høydal (V), Kristin Mjanger (H)

ADMINISTRATIV ORGANISERING



Godkjent av Gulen kommunestyre i K-sak xx/17, datert xx.06.17



TILBAKEBLIKK PÅ 2016 – SLIK RÄDMANNEN SER DET

Årsmeldinga er administrasjonen sin rapport til kommunestyret om ressursbruk og resultat i året som gjekk. Årsmeldinga er såleis eit av kommunen sine viktigaste styringsdokument.

Økonomisk sett har 2016 vore eit akseptabelt år, med eit rekneskapsmessig overskot på kr 3,99 mill. (mot kr 5,3 mill. året før). Hovudårsakene til dette er høgare skatteinngang enn budsjettet samt lågare lønsrelaterte utgifter enn rekna med. I tillegg har vi nokre budsjetterte løvningar som ikkje vart fullt ut nytt. Det er ikkje noko mål i seg sjølv at kommunen skal gå med overskot, vi er likevel avhengig at eit visst slingringsmann for å sikre at vi har noko i bakhånd dersom det skjer uforesette ting.

God styring krev dyktige leiarar, og vi har mange dyktige leiarar i Gulen kommune. Mange av tenestene vert levert 24 timer i dognet, 365 dagar i året. Det er særskilt krevjande i ein spreidtbygd kommune der arbeidskraft er ein knapp ressurs.

Årsmeldinga du her får presentert viser at vi jamt over leverer gode tenester til innbyggjarane. Vi har gode, kompetente medarbeidrarar som arbeider hardt for at innbyggjarane skal få levert kommunale tenester. Sjukefråværet (6%) er lågare enn på mange år. Motivasjonen hjå dei tilsette er god, det ser vi også igjen i det fokuset det er på kompetanseutvikling.

Arbeidet med kommunereforma vart sluttført i 2016. Det vart gjennomført folkerøysting i mai. Resultat av folkerøystinga danna grunnlag for at kommunestyret i juni gjorde vedtak om at Gulen kommune skal fortsette som eigen kommune. Vedtaket innber imidlertid ikkje at Gulen kommune skal løyse alle framtidige oppgåver på eiga hand. Det vert stilt stadig større krav til kva oppgåver kommunen skal løyse og korleis vi skal løyse oppgåvene. Samarbeid med andre kommunar i regionen vil difor framleis stå på agendaen.

Til slutt vil eg takke alle våre samarbeidspartnerar, leiarar, tilsette og tillitsvalde for eit godt samarbeid i driftsåret 2016.

Gulen, 30. mars 2017
Reidun K. Halland
rådmann



Om identitet; ordsky frå folkemøte

ØKONOMISK STATUS

Utviklingstrekk i driftsrekneskapen

(alle tal i kr)	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Auke 2015-16
DRIFTSINNTAKTER						
Brukarterbetingar	6 651 382	6 898 026	6 811 387	7 786 160	7 822 067	0,5 %
Andre sals- og leigeinntekter	15 645 485	16 013 898	12 724 823	13 372 979	13 568 756	1,5 %
Overferinger med krav til motytingar	27 840 534	36 427 537	30 281 285	31 015 783	33 482 585	8,0 %
Rammeoverføringer	86 734 340	88 958 081	91 745 466	91 744 958	92 749 447	1,1 %
Andre statlege overføringer	1 678 095	1 609 823	4 437 978	4 774 429	9 648 928	102,1 %
Andre overføringer	7 788 630	7 103 288	8 256 024	8 855 063	2 263 051	-74,4 %
Inntekts- og formueskatt	56 171 721	58 081 669	61 093 026	62 352 564	71 148 126	14,1 %
Eigedomsskatt	11 467 369	10 784 882	12 029 552	14 980 829	15 246 034	1,8 %
Andre direkte og indirekte skattar	337 733	337 733	339 309	350 643	367 130	4,7 %
Sum driftsinntekter	214 315 289	226 214 937	227 718 850	235 233 408	246 296 124	4,7 %
DRIFTSUTGIFTER						
Lønsutgifter	115 901 171	125 169 386	129 462 299	134 082 259	141 417 676	5,5 %
Sosiale utgifter	25 265 110	32 877 288	31 817 629	32 378 260	29 920 747	-7,6 %
Kjøp som inngår i kom. tenesteproduksjon	27 035 745	27 532 236	28 363 793	28 656 371	34 348 433	19,9 %
Kjøp som erstattar kom. tenesteproduksjon	22 412 255	23 344 623	20 970 064	21 561 407	23 915 393	10,9 %
Overferinger	13 783 205	14 705 147	12 343 711	11 982 670	13 878 436	16,0 %
Avskrivningar	4 443 118	5 140 947	5 191 351	5 803 424	6 436 409	10,9 %
Fordelte utgifter	-2 256 971	-2 293 556	-3 183 303	-2 535 144	-5 436 465	114,4 %
Sum driftsutgifter	206 583 633	226 476 071	224 965 544	231 909 247	244 480 629	5,4 %
Brutto driftsresultat	7 731 656	-261 134	2 753 306	3 324 161	1 815 495	-45,4 %
FINANSINNTAKTER						
Renteinntekter og utbyte	4 955 234	4 744 478	4 352 774	3 052 483	3 055 885	0,1 %
Mottekne avdrag på lån	34 505	83 257	154 036	119 240	133 280	11,8 %
Sum eksterne finansinntekter	4 989 739	4 827 735	4 506 810	3 171 723	3 189 165	0,5 %
FINANSUTGIFTER						
Renteutgifter og låneomkostninga	2 242 623	2 166 170	2 280 148	2 079 309	1 909 758	-8,2 %
Avdrag på lån	3 784 888	4 306 555	4 336 181	5 248 892	5 248 892	0,0 %
Utlån	28 500	226 425	314 035	26 541	2 500	-90,6 %
Sum eksterne finansutgifter	6 056 011	6 699 150	6 930 364	7 354 742	7 161 150	-2,6 %
Resultat finanspostar	-1 066 272	-1 871 416	-2 423 554	-4 183 019	-3 971 985	-5,0 %
Motpost avskrivningar	4 443 118	5 140 947	5 191 351	5 803 424	6 436 409	10,9 %
Netto driftsresultat	11 108 502	3 008 398	5 521 103	4 944 566	4 279 919	-13,4 %
Justeringsfaktor*	5 954 778	4 303 583	4 554 003	6 906 955	236 627	-96,6 %
Justert netto driftsresultat	5 153 724	-1 295 185	967 100	-1 962 389	4 043 292	-306,0 %
Rekneskapsmessig resultat	4 541 721	3 621 302	3 214 913	5 355 444	3 994 503	-25,4 %

*Ekstraordinære inntekter frå kompensasjon frå Wergeland-Halsvik AS (NORM-deponi) 2012-2016. Dese inntektene vert justerte for fordi dei har vore ynskt sett av til fond. Låge inntekter i 2016 skuldast uavklarte tilhøve mellom deponieigar og kommunen om retten til slike midlar frå 2016 og framover, jf. note til årsrekneskapen 2016.

Driftsinntektene

Dei to store inntekstpostane er Rammeoverføringer og Inntekts- og formueskatt. Rammeoverføringerne auka med berre 1,1 %, medan inntekts- og formueskatt auka med heile 14,1 %. Landsgjennomsnittet var 9,2 % auke. I høve til landsgjennomsnittet var skatteinntektene i Gulen på 104,5 % av snittet i 2016 mot 101,0 % i 2015 og 104,6 % i 2014.

Eigedomsskatt auka med 1,8 % i 2016, etter inntekter frå nye skatteobjekt. Posten Brukarbetalingar auka med berre 0,5 % i 2016, etter høg auke i 2015. Brukarbetalingar ved Gulen sjukheim utgjer om lag halve inntekta på denne posten.

Andre sals- og leigeinntekter auka med 1,5 %, noko mindre enn prisstigningen.

Posten Overføringer med krav til motyting auka med 8,0 %. Posten kan variere relativt mykje frå år til år, og inneholder mellom anna sjukelønsrefusjon.

Posten Andre statlege overføringer auka med 102,1 % i 2016 på grunn av nye statstilskot til flyktninger.

Posten Andre overføringer vart redusert med 74,4 % (kr 6,6 mill.) i 2016. NORM-inntektene utgjorde kr i 2016 kr 0,2 mill. av inntektene, medan tilsvarende sum i 2015 var kr 6,9 mill.

Samla sett auka driftsinntektene med 4,7 % i 2016.

Driftsutgiftene

Lønsutgiftene steig med 2,9 % (kr 4,9 mill.). Fast løn auka med 6,1 % etter auke i stillinger knytt til flyktringar. Sosiale utgifter (arbeidsgjevaravgift og pensjonspremie) minka med 7,6 % som følgje av endra premieavviksføring frå 2016. Utan endringa ville sosiale utgifter auka med 9,4 %.


Dei andre hovudpostane, til saman 29,8 % av samla driftsutgifter, auka med 11,3 % (kr 7,4 mill.). Mykje av utgiftsauken var knytt til integrering av flyktringar.

Samla auka driftsutgiftene med 5,4 % (kr 12,6 mill.).

Finanspostane

Gulen kommune har framleis lågare netto lånegjeld pr. innbyggjar enn landsgjennomsnittet, men lånegjelda er i vekst. Optak av kr 53 mill. i lån i 2016 vil gje auka avdrag med over kr 2 mill. frå 2017. Auka lånegjeld, saman med redusert utbyte frå BKK frå 2015, har dei siste åra gitt aukande negativt resultat av finanspostane, frå om lag kr 0 i 2010 til - kr 4,0 mill. i 2016.

Økonomisk resultat



2016-resultatet var om lag som TBU (Teknisk beregningsutval for kommunesektoren) sin tilrådde resultatmargin for ein kommune på 1,75 %. Med NORM-inntekter som budsjettert (kr 3 mill.) ville netto driftsresultat vore om lag 2,8 %, framleis eit godt stykke under det kommunale gjennomsnittet i 2016 på 4,2 %. 2016 var eit særskilt godt år for kommunane på grunn av låg lønsauke og høg skatteinnbetaling.

Brutto- og netto driftsresultat

Brutto driftsresultat var kr 1,8 mill. i 2016. Brutto driftsresultat seier noko om mindreforbruket (overskotet) etter avskrivningar, men før renter og andre finanspostar er teke med.

Netto driftsresultat var på kr 4,0 mill. I netto driftsresultat er finanspostane med, men avskrivningane er "nulla ut". I staden er avdraga inkludert. Gulen kommune har hatt ganske låg lånegjeld, difor har avskrivningane vore høgare enn netto finanspostar. Dette har gitt kommunen høgare netto driftsresultat enn brutto driftsresultat kvart år frå 2004.

Tilrådd resultatmargin, 1,75 % (3 % før 2014)

Netto driftsresultat er eit mykje nytta måltal for korleis kommunøkonomien utviklar seg. Ein "sunn" kommunøkonomi inneber ein driftsmargin på minst 1,75 % av brutto driftsinntekter (om lag det same som eit resultat rundt 0 i privat sektor), utifra utekningar gjort av Det tekniske beregningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi (nov. 14). Dette utgjer om lag kr 4,3 mill. for Gulen kommune, som er indikert med den stipila linja i figuren over.

Netto driftsresultat justert for ekstraordinære inntekter (JND)

Justert netto driftsresultat, som viser korleis dei "vanlege" utgiftene er i høve til dei "vanlege" inntektene, var på kr 4,0 mill. JND har vore ein viktig indikator i høve til god langtidsplanlegging. Gulen kommune har brukt indikatoren fordi kommunen har hatt ein del ekstraordinære inntekter dei siste åra, i hovudsak

gjennom NORM-avgifta, som er ein kompensasjon til Gulen kommune for lagring av lågradioaktivt materiale i kommunen (Normally Occured Radioactiv Material). I JND er desse sett vekk frå, mykje fordi det har vore ynskjeleg å ikkje nytte dei i drifta, men setje dei av til fond og nytte dei til særskilde satsingar. I 2016 utgjorde NORM-inntektene berre kr 0,2 mill., fordi deponieigar stoppa innbetalingerane til kommunen. Grunnlaget for avgifta skal rettsleg avklarast i 2017. NORM-avgifta er venta å vere kr 2-3 mill. årleg framover, og er budsjettert med kr 2 mill. i 2017.

Rekneskapsmessig resultat (RR)

Rekneskapsmessig resultat er det som står att av netto driftsresultat etter fondsavsettingar og andre ársoppgjersdisposisjonar. RR fortel om kommunestyret sin planlagde pengebruk og forventa inntekter (budsjett) samsvarar med faktisk pengebruk og faktiske inntekter (rekneskap). Driftsrekneskapen for 2016 syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 3 994 503. Hovudårsaken til dette er høgare skatteinntekter enn budsjettert, lågare lønsrelaterte utgifter enn rekna med og budsjetterte løvingar i 2016 som ikkje vart fullt ut nytta/utbetalet dette året, til dømes løving til garanti for reparasjon av den keltiske steinkrossen i Eivindvik.

Disponering av unytta midlar frå 2016 vert gjort i politisk sak om godkjenning av ársrekneskapen, i løpet av 1. halvår 2017.

Driftsavvik fordelt på resultateiningar

Rammeområde	Rekneskap 2012	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Revidert budsjett 2016	Avvik i %	Endring 2015-16
100 Sentraladministrasjonen	20 943 114	21 716 060	23 960 116	23 004 864	24 056 496	25 983 000	-7,4 %	4,6 %
200/250 Oppvekst	5 423 281	4 073 683	3 618 469	3 698 141	3 969 852	4 044 600	-1,8 %	7,3 %
211 Brekke barnehage og skule	10 447 855	10 745 512	11 587 954	11 884 361	12 182 819	12 162 700	0,2 %	2,5 %
212 Byrknes barnehage og skule	7 831 150	8 162 185	8 624 725	9 006 354	9 702 307	9 773 300	-0,7 %	7,7 %
213 Dalsøyra barnehage og skule	41 261 241	12 429 328	12 299 520	12 421 753	13 017 821	12 625 200	3,1 %	4,8 %
214 Eivindvik barnehage og skule	11 766 308	12 342 422	12 499 526	12 933 369	14 895 521	14 933 500	-0,3 %	15,2 %
300 Omsorg					7 965 937	8 043 300	-1,0 %	14,3 %
310 Helse	16 126 081	14 777 998	16 820 147	15 186 717	9 384 971	9 506 100	-1,3 %	
355 NAV	1 961 218	1 544 813	2 190 032	2 478 440	5 026 353	5 141 500	-2,2 %	102,8 %
360 Barnevern	2 452 649	2 503 270	2 316 533	2 030 191	2 244 971	2 944 300	-23,8 %	10,6 %
371 Eivindvik sone	28 713 592	30 079 161	30 952 987	28 783 854	29 873 953	31 223 600	-4,3 %	3,8 %
376 PU-tenesta	9 537 663	10 713 453	12 004 197	13 533 754	14 401 798	14 604 500	-1,4 %	6,4 %
377 Brekke, Byrknes og Dalsøyra sone	13 245 292	14 300 712	16 815 532	17 773 363	18 875 836	19 626 400	-3,8 %	6,2 %
400 Plan, landbruk og teknisk	21 906 503	22 589 693	21 972 847	23 823 012	25 948 413	24 608 400	5,4 %	8,9 %
Sum driftsutgifter	161 615 947	165 978 289	175 662 585	176 558 173	191 547 048	195 220 400	-1,9 %	8,5 %

Avvik i høve til budsjett 2016

Tre av rammeområda hadde meirforbruk - dette vart meir enn vege opp av mindreforbruk på dei elleve andre rammeområda. Nokre av avvikta vert kommenterte særskilt under:

- Rammeområde 100 Ymse føremål brukte kr 1,9 mill. mindre enn budsjettert (7,4 %), av dette utgjorde unytta løvingar som bør vurderast budsjettert opp att i 2016 kr 0,7 mill.
- 360 Barnevern nytta kr 0,7 mill. mindre enn budsjettert (23,8 %), mykje på grunn av mindre naudsynte tiltak enn tatt høgd for.
- 400 Plan, landbruk og teknisk hadde eit samla meirforbruk på kr 1,3 mill. (5,4 %), som fordelte seg på mange ulike tenester.

Utviklinga i utgifter fra 2015 til 2016

Driftsutgiftene auka med heile kr 15,0 mill. i 2015 (8,5 %).

Alle rammeområda hadde auke. Høgast auke hadde rammeområda med mest oppgåver knytt til framandspråklege (214 Eivindvik skule og barnehage, 300 Omsorg/310 Helse og 360 NAV).

Investeringsrekneskapen

Dei samla investeringane i anleggsmidlar var på om lag kr 32,8 mill. i 2016. I tillegg ligg eigenkapitalinnskot i KLP (kr 0,7 mill.), kommunale utlån (kr 1,9 mill. i husbankutlån og -avdrag) og avsettingar (kr 0,6 mill.) på utgiftssida, slik at samla finansieringsbehov vart kr 35,9 mill. Finansieringsbehovet vart dekt inn med lån (kr 21,9 mill.), inntekter frå tomtesal (kr 0,2 mill.), meirverdiavgiftskompensasjon (kr 2,3 mill.), mottekne avdrag og refusjonar (kr 5,6 mill., inkl. kr 4,5 mill. for vassforsyningsutbygging i Sløvåg), tilskot frå andre (kr 0,4 mill.) og bruk av fond (kr 5,4 mill.).

Større investeringsprosjekt i 2016 var: Utbygging av vassverk i Sløvåg (kr 13,9 mill.), ventilasjon ved Eivindvik skule (kr 3,6 mill.), tiltak ved Brekke barnehage og skule (kr 3,3 mill.), bustadfelt i Eivindvik (kr 2,6 mill.), kjøp av utleigebustader i Eivindvik (kr 2,1 mill.), IKT-investeringar (kr 1,3 mill.), bygging av utleigebustader i Eivindvik (kr 1,1 mill.) og ymse samferdsleinvesteringer (kr 0,8 mill.).

Andre viktige investeringsprosjekt i 2016

Nybygg barnehage Eivindvik - avslutting	Planlegging av vassforsyning
Investeringstilskot til Gulen kyrkjelege fellesråd	Ny barnehage Hovden - planlegging
Innkjøp av bilar og lift	Omsorgsbustader Dalsøyra - planlegging

Opphavleg investeringsbudsjett for 2016 var på heile kr 101,5 mill. Hovudsakene til det store avviket mellom planlagt og utført investeringsnivå var seinare framdrift enn føresett i desse større prosjekta: Vassforsyning Sløvåg, utleigebustader i Eivindvik, ny barnehage i Hovden, utviding av Brekke barnehage, omsorgsbustader på Dalsøyra og nyt bustadfelt i Eivindvik.

Balanserekneskapen

Balansem er sterkt påverka av vurderinga av storleiken på kommunen sine framtidige pensjonsplikter. I 2016 auka desse med kr 14,9 mill., til kr 336,0 mill. Dei utrekna pensjonsmidiane (kommunen sine «sparepengar» i pensjonskassene, som skal nyttast til å innfri pliktene) auka med kr 8,9 mill., til kr 268,3 mill. Utrekna eigenkapital auka med kr 4,2 mill. til kr 116,8 mill., fordelt på reduksjon i samla fondskapital (inkl. mindreforbruk) med kr 0,5 mill. og auka kapitalkonto med kr 4,7 mill.

Lånegjelda auka med kr 41,7 mill. Lågare investeringsnivå enn lagt opp til i budsjettet førte til at kr 32,9 mill. av alt opptekne lån framleis var ubrukte pr 31.12.15 (mot kr 6,9 mill. i 2015). Unytta lånenmidlar står på innskotskonto til høgare rente enn lånerenta.

Økonomiske nøkkelta

Økonomiske nøkkelta fra Gulen samanlikna med andre kommunar (førebelse tal frå KOSTRA)

	Gulen 2012	Gulen 2013	Gulen 2014	Gulen 2015	Gulen 2016	Gruppe 05*	Alle 2016
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	172,9	173,2	186,8	181,0	195,9	220,0	212,0
Eigenkapital i prosent av brutto driftsinntekter	38,1	21,7	29,4	29,2	37,3	19,7	18,1
Fríe inntekter i kroner pr innbyggjar	61 998	63 516	65 455	65 020	69 126	72 450	53 159
Netto lånegjeld i kroner pr innbyggjar	29 128	29 593	33 042	35 835	42 526	70 816	62 704

*Gruppe 05 er kommunar som kan samanliknast med Gulen, dvs. kommunar med få innbyggjarar, høge bundne kostnader og middels frie inntekter. Fram til 2013 var Gulen i gruppe 04 (få innbyggjarar, høge bundne kostnader og låge frie inntekter).

I Langsiktig gjeld inngår både vanleg renteberande gjeld og framtidige pensjonsplikter til tilsette i kommunen. Pensjonspliktene, som er ei form for avsetting til framtidige pensjonsutbetalingar, utgjer om lag 70 % av den langsigke gjelda. Nivået på desse pliktene er rekna utifrå statlege reglar. Renteberande gjeld (30 % av langsigkt gjeld) har auka noko dei siste åra, men er framleis lågare enn gjennomsnittet i gruppe 05. Lånegjelda i Gulen kommune auka mykje i 2016 på grunn av nytty lånopptak på heile kr 53 mill. utifrå en ekspansiv investeringsplan.

Arbeidskapitalen (omlopmidlar minus kortsiktig gjeld) fortel om likviditet, dvs. om kommunen har pengar til å betale rekningsane sine til rett tid. Gulen kommune har god likviditet, samanlikna med både gjennomsnittet i gruppe 05 og landsgjennomsnittet.

Frie inntekter fortel noko enkelt sagt om kor mykje av skatteinntekter og overføringer gjennom inntektsystemet som ikkje er bundne opp til dei vanlege lovpålagede driftsoppgåvane. Gulen og dei andre Gruppe 05-kommunane har høgt utgiftsbehov på grunn av stort areal pr innb., og ofte mange folk i høg alder. Dei frie inntektene i Gulen auka litt meir pr innb. enn gruppe 05 og landssnittet i 2016.

Netto lånegjeld: Netto lånegjeld har auka noko dei siste åra, men er framleis lågare enn gjennomsnittet i gruppe 05 og landssnittet. Framdrifta i store utbyggingsprosjekt var lågare enn budsjettert i 2016, noko som skubbar noko veksten i netto lånegjeld fram til 2017.

KOSTRA-samanlikningar

Kommune-STat-Rapportering har vore i bruk i Gulen kommune frå 2001. Systemet, som ligg på nettsidene til Statistisk Sentralbyrå (www.ssb.no), gjev eit godt grunnlag for å samanlikne kommunar når det gjeld ressursbruk, sjølv om tala må tolkast med noko varesemd.

Viktige KOSTRA-funn om meldingsåret for Gulen kommune sin del:

- Innbyggjartalet auka med 1 person, til 2371, med fleire i barnehagealder og over 67 år, og færre i skulealder og i gruppa 16-66 år. Netto innflytting utgjorde 15 personar. Fødselstalet på 14 personar var det lågaste på mange år, etter eit 2015 med særst høgt fødselstal.
- Kommunale prioriteringar: Netto driftsutgifter pr brukar var høgare enn snittet for samanlikningsgruppa 05 innafor dei store tenesteområda skule og pleie/omsorg, og lågare enn snittet innafor barnehagar, sosialteneste, barnevernteneste og administrasjon, styring og fellesutgifter.

Innafor Oppvekst var det store utslag frå 2015 til 2016 i netto utgifter pr brukar både i barnehage og skule. Ein viktig årsak er at skuleåret ikkje følger kalenderåret, og at brukartalet vert rekna pr 31.12., medan utgiftene er knytt til ein syklus frå august til august. Utslaget jamnar seg ut over tid, som ein ser av tala for dei siste fem åra. Høg auke i utgifter pr skuleelev skuldast og meir ressursbruk i samband med minoritetsspråklege.

- Vektig av tenestene: Grunnskoleoppplæring og Helse og omsorg utgjer noko større del av nettoutgiftene i Gulen kommune enn i gruppe 05-snittet. Kommunen har i 2016 høgare inntekter frå næringsverksemde enn snittet, noko som skuldast uteblitt NORM-kompensasjon dette året.

Innbyggjarar i Gulen pr. 31.12.	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
0-5 år	154	134	129	123	130	123	123	129	138	146
6-15 år	333	317	324	311	300	297	292	277	287	277
16-66 år	1 455	1 433	1 442	1 461	1 471	1 470	1 476	1 480	1 482	1 475
67-79 år	240	236	250	250	259	267	271	295	315	320
80 år og over	174	163	157	151	150	148	153	154	148	153
Til saman	2 356	2 283	2 302	2 299	2 310	2 305	2 315	2 335	2 370	2 371

Folkomengd, alder, pr. 31.12., %	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
0-5 år	6,5	5,9	5,6	5,4	5,6	5,3	5,3	5,5	5,8	6,1
6-15 år	14,1	13,9	14,1	13,5	13,0	12,9	12,6	11,9	12,1	11,7
16-66 år	61,8	62,8	62,6	62,6	63,7	63,8	63,8	63,4	62,5	62,1
67-79 år	10,2	10,3	10,9	10,9	11,2	11,6	11,7	12,6	13,3	13,5
80 år og over	7,4	7,1	6,8	6,5	6,5	6,4	6,6	6,6	6,2	6,5

Kommunale prioriteringar i Gulen samanlikna med andre kommunar (all tal i kr)	Gulen 2012	Gulen 2013	Gulen 2014	Gulen 2015	Gulen 2016	Gr. 05 2016	Landet 2016
Netto driftsutgifter pr innbyggjar 1-5 år, barnehagar	124 850	141 520	134 716	145 077	123 526	149 715	138 739
Netto driftsutg. pr innb. 6-15 år, grunnskoleoppplæring	137 377	141 240	149 718	151 732	165 148	150 159	104 893
- Utgifter til skoleskyss, per innbygger 6-15 år	4 276	4 373	4 339	4 258	4 292	4 539	2 117
Netto driftsutg. pr innbyggjar, kommunehelsetenesta	3 458	3 657	3 794	3 740	3 963	4 812	2 507
- Netto driftsutg. til diagnose, beh. og rehab, pr. innb.	2 531	2 750	2 788	2 781	2 781	3 674	1 637
Netto driftsutg. pr innb. 67 år og over, pleie og omsorg	142 234	144 021	148 840	144 637	152 078	126 354	113 703
Netto driftsutg. pr innb. 80 år og over, pleie og omsorg	398 831	399 118	433 955	452 480	470 150	392 481	394 140
- Andel innb. under 67 år som får heimetenester	1,5	1,5	1,5	1,5	1,4	2,8	2,0
- Andel innb. 67-79 år som får heimetenester	6,4	4,8	6,4	7,6	5,9	8,7	6,7
- Andel innb. over 80 år som får heimetenester	39,2	36,6	37,0	37,8	35,9	40,8	32,1
- Andel innb. 80 år og over som bur på institusjon	18,2	13,1	14,9	12,8	13,7	18,5	13,3
Netto driftsutg. pr innb. 20-66 år, sosialtenesta	798	1 128	2 081	1 511	2 312	2 788	3 907
Netto driftsutg. pr innb. 0-17 år, barneverntenesta	5 088	4 822	5 258	4 340	4 648	9 227	8 895
Netto driftsutg. pr innb., adm., styring og fellesutgifter	7 426	8 095	8 536	8 282	8 550	10 631	4 138

Netto driftsutgifter for ymse tenester, målt i % av totale netto driftsutgifter	Gulen 2012	Gulen 2013	Gulen 2014	Gulen 2015	Gulen 2016	Gruppe 05 2016	Landet 2016
Administrasjon og styring	11,5	11,4	12,1	11,6	10,9	13,6	7,5
Barnehage	9,0	8,6	8,9	8,9	8,9	8,7	14,7
Grunnskoleoppplæring	27,2	25,2	25,3	25,9	25	22	23,4
Helse og omsorg	46,8	44,0	47,5	45,1	44,2	39,9	34,9
Sosialteneste	1,0	1,0	1,7	1,6	2,7	3,7	6,2
Barnevern	1,7	1,4	1,5	1,2	1,2	2,3	3,5
Vatn, avløp, renovasjon/avfall	0,3	0,1	0,0	0,0	0,2	-0,5	-0,6
Fysisk planlegging/kulturmiljø/natur/nærmiljø	1,6	1,3	0,9	0,5	1	1,2	1,1
Kultur	2,1	1,4	2,1	1,4	1,2	2,9	3,9
Kyrkje	1,9	1,6	1,5	1,8	1,8	1,7	1,1
Samferdsle	2,7	3,0	2,8	3,0	2,8	2,9	1,4
Bustad	0,0	-0,1	0,0	0,5	0,3	0,1	0,1
Nærings	-4,5	-2,8	-3,0	-3,4	0,6	0,6	0,1

Brann og ulukkesvern Ymse (t.d. premieavvik)	2,3 -3,6	1,9 -0,2	2,0 0,0	2,0 -0,1	1,9 0	1,9 0	1,4 0,3
---	-------------	-------------	------------	-------------	----------	----------	------------

Kommunebarometeret - kvalitetsmåling

Basert på KOSTRA har Kommunal Rapport utvikla eit grunnlag for å samanlikne tenestekvalitet i kommunane i høve til ressursinnsats - Kommunebarometeret. Gulen kommune var på 85. plass av 428 kommunar i 2016 (150.-plass etter justering for inntektsnivå) - utifra 2015-indikatorane for målinga. Når det gjeld sektorar skårar kommunen høgare enn snittet på Grunnskule, Helse, Sosialhjelp og Barnevern, og lågare på Barnehage og Kultur.

PERSONALSTATUS

Godkjende stillinger

Bemannning ved årsslutt året:	2012	2013	2014	2015	2016
Godkjende stillinger (inkl. vedtekte endringar for budsjettåret), årsverk	222,5	231,05	237,3	257	259

Endringa 2012-2013 skuldast nye stillinger som samhandlingskoordinator, folkehelsekoordinator, nattevakter i sonene, vaktmeister, kulturkonsulent og auking i enkelte deltidsstillingar. Auke i stillinger frå 2013-2015 skuldast mellom anna mottak av flyktninger, til dømes opprettig av stilling som flyktingkonsulent og auke av stillinger ved helsestasjon, barnehage, skule og norsksenter. Det er også endringar grunna auka barnetal i barnehagane og fleire brukarar innan pleie og omsorgssektoren. Auken 2015-2016 skuldast mellom anna at det gjennom året 2016 har vore auke av tenester på NAV og enkelte av skulanane i samband med busetjing av flyktninger og opprettig av norsksenter. Det har også vore auka barnetal i barnehagane, auka spes.ped.tiltak og auke i heimetenestene i sone BBD.

Sjukefråvær

Eigenmeldt og legemeldt sjukefråvær (%)	2012	2013	2014	2015	2016
Gulen kommune	7,3	7,4	6,6	7,5	6,0

Tala er henta frå kommunen sitt eige fråværssystem, som innehevd både legemeldt og eigenmeldt sjukefråvær. Sjukefråværet i 2016 var lågt samanlikna med dei siste åra. Sjukefråværet i Gulen kommune er i hovudsak langtidsfråvær. Sjukefråværet er høgst innan pleie og omsorg, noko som samsvarer ned nasjonale tal. Oppvekstsektoren har lågast sjukefråvær.

Samarbeid med fagorganisasjonane

I meldingsåret var det tre møte med alle hovudtiltitsvalde samla, mellom anna med drøftingar i samband med permisjonsreglementet, lokale lønsforhandlingar og lønspolitisk plan. Det har også vore drøftingar med hovudtiltitsvalde enkelvis eller i grupper ved behov – mellom anna om arbeidstidsordningar, tilsetjingar, arbeidsmiljøsaker, virksomhetsoverdragelse og ved individuelle saker. Hovudverneombod har også delteke på desse møta når temaet har vore aktuelt for vernetenesta.

Kompetanseutvikling

Gulen kommune sin kompetanseplan er gjeldande i perioden 2015-2019. Fleire tilsette er ferdige med utdanningar som fylgje av kompetanseplanane, og andre er i gang med utdanningar. Ein medarbeidarar og ein lærling tok fagprøve som helsefagarbeidar i 2016. Fem medarbeidarar jobbar med å opparbeide nok praksis til å gå opp til fagprøva som helsefagarbeidar, og ein medarbeidar jobbar mot å ta fagbrev som kokk. Tre medarbeidarar har teke etterutdanning innan palliasjon. Tre medarbeidarar held på med sjukepleiarutdanning, og ein medarbeidar er under utdanning til vernepleiar. Fire lærarar har fullført vidareutdanning i matematikk, norsk og engelsk i 2016, og ein lærarar held på med vidareutdanning i matematikk. Ein tilsett har teke fagbrev som barne- og ungdomsarbeidar i 2016. To medarbeidarar held på med utdanning som barnehagelærar, og ein medarbeidar tar utdanning for å verte godkjent som pedagogisk leiar. Det er gjennomført ei rekke andre kompetansehevingstiltak ved skular og barnehagar, i tråd med vedtatt kompetanseutviklingsplan for sektoren.

Vi har pr 31.12.16 tre lærlingar innan helsefag, to lærling innan barne- og ungdomsarbeidarfaget, ein lærling i byggdriftarfaget og ein kokkelaerling. I tillegg jobbar vi med prosjekt «Opplæring og integrering» i sone Eivindvik – Gulen sjukeheim. Kommunen er sokjar i ALIS-prosjektet gjennom samarbeid med

andre kommunar. Dette prosjektet skal bidra til spesialisering av kommunelegar jf. nye krav ved nyrekrytting av legar.

Helse, miljø og tryggleik (HMT)

Det har vore 2 møte i arbeidsmiljøutvalet. Tema for vernerundane 2016 var inneklima. Det vart arrangert vernedag i dette temaet for einingsleiarar og verneombod. Bedriftshelsenesta (Stamina) vart nytt til generelle helsekontrollar, informasjon og kurs i nokre av einingane, oppfølging av sjukemelde, samt rådgjeving/involvering i konkrete arbeidsmiljøsaker. I tillegg hadde Stamina individuelle arbeidsplassvurderingar.

Diskriminering og likestilling

Gulen kommune har som mål at usakleg forskjellsbehandling ikkje skal skje ved tilsetjing eller annan sakshandsaming. Vi drøfta reduksjon av deltidsstillingar med tillitsvalde, samarbeider tett med tillitsvalde i tilsetjingssaker. Gulen kommune er ein kvinnedominert arbeidsplass, og praktiserer likestilling. Godt utbygde velferdsordningar gjer kommunen til ein konkurransedyktig arbeidsplass, særskilt for kvinner. For å stimulere til fleire kvinnelege næringsetableringar vert kvinner prioriterte når det gjeld tilskot frå næringsfondet. 8 av 15 toppleiarar i Gulen kommune er kvinner. Over 80% av tilsette i Gulen kommune er kvinner.

Etikk

Kommunen legg vekt på at vår tenesteyting skal skje i samsvar med våre etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Gulen kommune. Desse retningslinjene vart revidert i mars 2016. Rettninglinjene viser også til verdiplattforma vår, "Samarbeid for utvikling", som seier korleis vi bør oppstre, og kva overordna mål tilsette skal jobbe etter. Verdiplattforma skal henge synleg på alle arbeidsplassar, og reflekterast over på personalmøte jamleg. Verdiplattforma vert trekt fram på den årlege nytisettanden, som var i september i 2016.

ADMINISTRASJON, POLITIKK OG SAMFUNNSUTVIKLING

Sentraladministrasjonen

Sentraladministrasjonen består av Rådmannen m/stab, Ekspedisjonsavdelinga, Løns- og personalavd. og Økonomiavd. Ei viktig oppgåve er å førebu og følgje opp politiske saker til kommunestyre, formannskap, hovudutval og ymse andre råd og utval. Behandling av sektorovergridande saker, samfunnsutvikling, overordna styring, samordning og utføring av felleslenester for heile kommuneorganisasjonen er andre viktige arbeidspøgåver for at Gulen kommune skal fungere godt.

Politikk

	Utvikling i tal politiske saker	
	Kommunestyret	Formannskapet
2016	101	66
2015	127*	61
2014	71	70
2013	84	58
2012	94	75

*Dei høge tala for kommunestyresaker i 2015 skuldast utpeiking av medlemar til ymse råd og styrer i samband med kommuneval.

Av viktige saker som vart behandla i kommunestyret i meldingsåret kan nemnast kommunestrukturreforma, framlegg om nytt inntektsystem for kommunane, detaljplan for ny veg Skipavika-Brandangerbrua, utbyggingsavtale for Prestesundet bustadfelt (Eivindvik), samarbeidsavtale med Haraldsplass Diakonale Sjukehus, utbygging av mobilt breiband i Dingja og Nordgulen, utbygging av Brekke og Hovden barnehagar, val til funksjonar i rettssystemet, revisjon av ulike kommunale planar og reglement, økonomisaker og arealplanleggingssaker.

Gulatingsprisen vart delt ut til Gulen Dykkesenter på kommunestyremøtet i desember.

Arbeidet med kommunestrukturreforma var omfattande, med gjennomgang i eigen organisasjon, utarbeiding av intensjonsavtale med Masfjorden og Nordhordlands kommunane, folkemøte i april og folkerøysting 23. mai. Resultatet vart 57 % for framhald som eigen kommune, 26 % for samanslåing med Masfjorden kommune og 17 % for storkommune i Nordhordland. 58 % møtte fram.

Fellestenester

Rådmannen si leiargruppe har hatt fast møte på måndagane, einingsleiarane har samlast kvar månad og «husmøte» på kommunehuset har vore på planen månadleg. Desse organisasjonsinterne møta har auka kvaliteten på det samla arbeidet, til låg utgift for arbeidsgjevar.

Innfasing og oppgradering av elektroniske løysingar innanfor dokument-, kvalitets- og løns- og personalsystem, telefon, innkjøp, fakturabehandling og tilsetting har halde fram i meldingsåret.

Innføring av nytt økonomisystem inkl. løns- og personalsystem frå 2017 vart brukt mykje ressursar på i 2. halvår.

I sakbehandlingssystemet vart registrert 1689 saker (1646 i 2015), 10 745 journalpostar (10 700 i 2015) og 67 elektroniske møteutsendingar (50 i 2015). Prosjektet om avlevering av skulearkiv til fylkesarkivet vart utsett til 2017, løyvinga på kr 150 000 vart difor ikkje nytta. Ny heimeside vart lansert hausten 2016. Infoposten vart utgitt med åtte nr.

Fokus på beredskap var relativt høgt som følgje av mykje unormalt ver med straum- og teleutfall og ei stadig høgare vektlegging av kommunal beredskap.

Samfunnsutvikling

Det interkommunale næringsselskapet Gulen og Masfjorden Utvikling AS (GMU) hadde god framdrift i 2016. Etableringshjelp, profilering av kommunen gjennom eigne og andre sine arrangement og ymse andre oppgåver var viktige oppgåver i 2016. Næringsbygget Vidsyn i Sløvåg industriområde var i god utvikling med ei rekke spennande verksemder, mellom anna spesialisttanhelse.

Satsinga på utvikling av Tusenårsstaden Gulatinget saman med fylkeskommunen var prega av låg kapasitet i 2016, men grunnlaget for eit systematisk arbeid framover kom i stor grad på plass i 2. halvår. Drifta på Flolid, med skjøtsel og guiding, vart utført som normalt. www.gulatinget.no fekk ny og moderne utsjånd i meldingsåret.

Påfyll til næringssfondet utgjorde om lag kr 0,5 mill. i 2016. Tilgangen av nye søknader var god.

Innafor samferdslesektoren deltok Gulen kommune i Kystvegen Bergen–Ålesund og

Stamvegutvalet for E39 i Sogn og Fjordane, og arbeidde for opprusting av Fv. 57. Konkrete planar for ein kystveg gjennom Sogn og Fjordane vart lagt fram av fylkeskommunen på møte på Skei i desember. Bru over Nordgulfjorden var for første gong teikna inn på ein plan utarbeidd av Statens Vegvesen.

Gulen ungdomsråd hadde moderat aktivitet i 2016, men delte ut transporttilskot og arrangerte Ungdommens Kulturmønstring (UKM). Redusert kapasitet på kulturfeltet delar av året gjorde det vanskeleg å gjennomføre større tiltak i 2016, men arbeid knytt til spelemidlar, tilskot til kulturbygg og kulturmidlar vart utført som vanleg. Gulen kommune løyvde kr 75 000 til festivalen Utkant, som vart arrangert 28.-30. juli.

Gulen folkebibliotek fekk tilskot frå Nasjonalbiblioteket til tilrettelegging av bibliotekrommet, som vart brukt til projektor og lerret ved hovudbiblioteket i Eivindvik. Biblioteket har inngått avtale om biblioteksamarbeid med dei andre biblioteka i HAFS-regionen, og hadde samarbeid om fleire arrangement og ein lesekampanje for barn. Frivillige har starta opp strikkecaféar på biblioteka i Eivindvik og på Byrknes. Biblioteklokalet i Eivindvik vert i tillegg nytta til språkkafé og leksehjelp. Hovudbiblioteket og alle filialane har publikumsmaskiner der det er tilrettelagt for sjølvbetjent utlån og inntlevering.

Tolv tilskot på kr 40 000 til bustadetablerarar, og tre for ekstra bueining (kr 20 000), til saman kr 540 000, vart utbeta. Interessa for kommunale bustadtomter og andre kommunale eigedommar var normal, med eit sal av ei «gratistomt» (resttomter i eldre bustadfelt), ei ny tomt i Hovden II og eit sal av areal i samband med oppføring av fleribustadbygg i Brekke.

Å legge til rette for vellukka busetnad av flyktningar har vore ei viktig og prioritert oppgåve også i 2016, mellom anna med innkjøp av ein bustad med to bueiningar i Eivindvik og oppstart av bygging av utleigebjøgg (som måtte flyttast på grunn av grunntilhøve). Arbeidet med kommunestruktur vart arbeidd systematisk og intensivt med i meldingsåret fram til folkerøystinga 23. mai.

OPPVKEKST

Oppvekstsektoren har frå skuleåret 2013-14 vore organisert i 4 eininger, som alle har barnehage-, grunnskule- og SFO-tilbod.

Skule

	Utvikling i elevtal i dei fire skulekrinsane				
	Brekke	Byrknes	Dalsøyra	Eivindvik	Samla elevtal
2012/2013	84	53	85	73	295
2013/2014	82	52	71	88	293
2014/2015 pr. 15.10.2014	81	47	69	79	276
2015/2016 pr. 01.10.2015	78	54	70	85	287
2016/2017 pr. 01.10.2016	78	53	66	78	275

Elevtalet er attende på lågaste nivå, men dette vil stige til 280 hausten 2017. Netto tilflytting kan endre talet. Talet barn i SFO har auka og vil truleg auke endå meir til hausten. Elevtalet vil gå ned i med 15 elevar i 2018 og 13 elevar i 2019 om vi ikkje får netto tilflytting.

Indikatorar og nøkkeltal	Gulen 2012/13	Gulen 2013/14	Gulen 2014/15	Gulen 2015/16	Gulen 2016/17	Sogn og Fj. 2016	Landet 2016
Arsverk for undervisningspersonale	38,7	38,9	37,9	40,0	40,8		
Tal elevar pr årsverk til undervisning	8,4	8,3	7,9	7,9	7,4	10,0	12,1
Lærartettleik samla (elevar pr lærar)	10,3	10,2	9,7	9,7	9,2	13,9	16,8
Lærartettleik 1.-7. steg	9,2	9,8	9,5	9,0	8,1	10,6	13,2
Lærartettleik 8.-10. steg	9,7	8,5	7,8	8,6	8,9	12,2	14,0
%-del av undervisning av tilsette med godkjend utdanning	92,8	92,7	97,4	91,6	98,8	96,1	95,5

Lærartettleiken på barnesteget går ned. Dette er eit resultat av øyremerra styrkingssmidlar som vart løyvt for å gi fleire lærarar på småskulesteget. Vi hadde færre ufaglaerte lærarar i 2016 enn i 2015. Dette er svært positiv endring, men ulempa er at det aukar kostnadane.

For å nå innsparingsmåla i økonomiplanen må organiseringa av undervisninga sjåast på i høve til gruppsterleik, lærartettleik og elevtalsnedgang.

Læringsresultat:

5. klasse	2014	2015	2016	Snitt
Engelsk	Gulen	48	44	50
	Gulen	48	44	47,3
	Sogn og Fjordane	49	49	49,3
	Nasjonalt	50	50	50,0
Lesing	Gulen	46	44	48
	Gulen	46	44	46,0
	Sogn og Fjordane	49	48	49,0
	Nasjonalt	50	50	50,0
Rekning	Gulen	51	47	50
	Gulen	51	47	49,3
	Sogn og Fjordane	51	51	51,0
	Nasjonalt	50	50	50,0
8. klasse	2014	2015	2016	Snitt
Engelsk	Gulen	49	52	47
	Gulen	49	52	49,3
	Sogn og Fjordane	50	50	50,0
	Nasjonalt	50	50	50,0
Lesing	Gulen	53	54	49
	Gulen	53	54	52,0
	Sogn og Fjordane	50	50	50,0
	Nasjonalt	50	50	50,0
Rekning	Gulen	52	52	51
	Gulen	52	52	51,7
	Sogn og Fjordane	51	51	51,3
	Nasjonalt	50	50	50,0
9. klasse:	2014	2015	2016	Snitt
Lesing	Gulen	56	54	56
	Gulen	56	54	55,3
	Sogn og Fjordane	54	54	54,0
	Nasjonalt	54	53	53,7
Rekning	Gulen	57	56	54
	Gulen	57	56	55,7
	Sogn og Fjordane	55	55	55,0
	Nasjonalt	53	54	53,7

Vedteke resultatlål:

Gjenomsnittsresultatet for elevane i Gulen kommune dei siste 5 åra skal minst vere på nivå med gjennomsnittet for Sogn og Fjordane i same periode.

Resultata i 2016 er gode. Grunnskulepoeng er tilbake på snittverdien og resultata på nasjonale prøvar er gode for 5. og 9. klasse, og uvanleg låge for 8. klasse. Vi veit at resultata for årskulla svingar ein del. Dette kjem seg av at årskulla er små og enkeltelever får stor innverknad på snittet. Ser vi på resultatutviklinga for elevane gjennom skuleløpet, viser det ei god resultatutvikling for alle grupper.

Gulen kommune er no med på Udir sitt språkommuneprosjekt. Der vi satsar på auka språkstimuleringsinnsats for alle barn og unge frå barnehage til vi sender dei på vidaregåande vil denne innsatsen syne att i resultata framover.

Grunnskulepoeng:

Grunnskolepoeng	2012	2013	2014	2015	2016	Snitt
Gulen	44,1	42,3	44,0	41,6	43,0	43,0
Sogn og Fjordane	41,2	41,2	41,5	41,2	41,5	41,3
Norge	39,9	40,0	40,4	40,8	41,2	40,5

Gulen har mindre skilnad på resultata mellom gutter og jenter enn i fylket og nasjonalt. På grunn av lågt elevtal varierer resultata for Gulen mykje frå år til år. Snittet for Gulen-elevane er høgare dei siste fem åra enn snittet i fylket og landet, og resultatmålet for skulen er såleis oppnådd.

Spesialundervisning

Prosent av elevar som får enkeltvedtak				
2011/-12	2012/-13	2013/-14	2014/-15	2015/-16
9.5 %	7.8 %	7.1 %	5.9 %	4.7 %

Gulen ligg under snittet for Sogn og Fjordane som er 8,4 %.

Skulefritidsordning (SFO)

Tal brukarar av skulefritidsordning						
	Brekke	Byrknes	Dalsøyra	Eivindvik	Samla tal	
01.10.12	7	8	5	12	32	
01.10.13	9	7	5	6	27	
01.10.14	11	7	7	12	37	
01.10.15	13	15	7	12	47	
01.10.16	11	15	11	8	45	

Bruken av SFO-tilbodet var stabil i 2016.

Barnehagar

Born i kommunale barnehagar, fordelt på avdelingane							
	Brekke	Byrknes	Dalsøyra	Eidsbotn	Haveland	Eivindvik	Samla tal
15.12.12	21	16	17	13	13	22	99
15.12.13	27	17	16	12	6	16	94
15.12.14	28	19	16	15		23	101
15.12.15	29	16	32			21	98
15.12.16	32	16	34			35	117

Det er fleire barn i barnehagane i Gulen enn på mange år, men det ser ut som at vi har kapasitet til å gje plass til alle. I 2016 vart det berre fødd 14 barn i Gulen. Konsekvensen av dette er at vi får ca 10 færre barn i barnehagen hausten 2017. Tilflytting kan sjølv sagt endre på dette, men førebels har vi kontroll. SSB-statistikken viser at 87,2% av barna i Gulen i alder 1-5 år gjekk i barnehagen. Ein av grunnane til at dette talet ikkje er høgare, er at vi har barn som går i barnehage i andre kommunar. Vi greier framleis å gje plass til dei som ynskjer plass i barnehagen, der dei ynskjer og når dei ynskjer. Utbygging av Brekke barnehage og Hovden barnehage er godt i gang, og når desse bygga er ferdige er Gulen kommune sine barnehagar endeleg plasserte i bygg som er bygde for føremålet.

Musikk- og kulturskulen

Elevar i musikkskulen				
01.10.12	01.10.13	01.10.14	01.10.15	01.10.16
53	47	48	50	37

Musikkskulen har nedgang i elevtalet på grunn av at ein ikkje har gruppeundervisningstilbod dette året. Vi har etablert ei arbeidsgruppe som skal sjå på tilboden.

OMSORG

Gulen kommune vart frå 01.09. formelt ein del av Helse Bergen med Haraldsplass Diakonale Sjukehus som vårt lokalsjukehus. Så langt synest overgangen til å fungere greitt for alle partar.

Gjennomgang av pleie- og omsorgssektoren

Ressursenter for omstilling i kommunene (RO) har hatt oppdraget med å gjennomgå pleie- og omsorgssektoren i Gulen kommune.

Bakgrunnen for gjennomgangen var å redusere kostnadene i høve innsparingskrav i økonomiplanen. I inndeilinga til Budsjett 2016 og Økonomiplanen 2016 -2019 for Gulen kommune skreiv Rådmannen at det i budsjettåret 2016 skulle kørast prosessar, særleg innanfor pleie og omsorg, som sikrar eit godt avgjerdsgrunnlag for å ta vidare økonomiske grep.

Mandatet skisserte tre hovufokusområde for gjennomgangen av pleie- og omsorgssektoren:

- Innretning av tenestene – struktur og samansettning
- Tenestetildeling, tenestenivå og forvaltningspraksis
- Ressursbruk

Tenestene til menneske med utviklingshemming skulle vurderast særskild, mellom anna utifrå eit ynske om auka samordning av tenestene til menneske med utviklingshemming og open omsorg. I

denne vurderinga skulle det også leggjast særleg vekt på funksjon og organisering av dagtilbod og alternativ organisering av den individuelle tenesten.

Parallelt med gjennomgangen av pleie- og omsorgssektoren, vart det utarbeidd ein plan for pleie og omsorg, med særleg vekt på handlingsdelen. Planen vart vedtatt i juni 2016.

Før å sikre erfaringskunnskapen som ulike aktørar i tenestene har, vart det gjennomført fem forankringsseminar, eit ved kvart av dei fire bu- og omsorgssentra i kommunen og eitt felles litt lengre ute i prosessen i Eivindvik. Til forankringsseminara vart tilsette, samarbeidspartar, NAV, brukar-/interesseorganisasjonar, frivillige lag og organisasjonar og aktuelle arbeidsgivarar, inviterte. Tema på forankringsseminarar var utfordringar i omsorgstenesta og viktige innspel for ei framtidssretta omsorgsteneste. Innspele fra forankringsseminara vart brukt som bakteppe i RO sin gjennomgang av pleie- og omsorgstenesta og arbeidet med omsorgsplasen i Gulen.

Tre område vart prioriterte i samband med oppfølging av planen:

- Sakshandsaming/tenestetildeling: felles kartleggingsteam i alle soner; oppstarta oktober 2016
- Organisering av arbeidstid: ny turnus med langvakter; oppstart 01.05.2017
- "Den nye heimetenesta": oppstart hausten 2017

Gulen kommune har brukt mykje tid og ressursar i utviklingsarbeidet, og prioritert dette arbeidet opp mot andre prosjekt. Arbeidet vil halde fram i 2017.

Pleie og omsorg

Samhandlingsreforma vart innført frå 01.01.2012. Reforma skal vise veg framover, og gje helsetenestene ny retning. Hovudmåla er:

- | | |
|---|---|
| <ul style="list-style-type: none"> • Førebygge framfor å reparere • Få ulike ledd i helsetenestene til å jobbe betre saman • Flytte tenestene nærmare der folk bur • Fleire oppgåver til kommunane og pengar til å utføre dei | <ul style="list-style-type: none"> • Tidleg innsats framfor sein innsats • Samle spesialiserte familiø som er sterke nok • Betre for pasientane, auka brukarmedverknad |
|---|---|

Gjennomføringa av reforma og oppbygging av helsetilbod i kommunane skal skje over noko tid, og gje helse-, pleie- og omsorgstenestene nye og spanande utfordringar i åra framover.

I samband med reforma er utarbeidd ny felles lov for helse- og omsorgstenestene i kommunane og ny folkehelselov. Utifrå lovverket pliktar kommunane og sjukehusa å samarbeide, og kvaliteten skal kunne målast betre. Pasientar og brukarar vil få eit tilbod som heng betre saman.

Gulen kommune har greidd dei nye utfordringane rimeleg greitt. Vi opplevde i 2016 nokre flaskehalsar, i periodar mangel på korttidsplassar for utskrivingsklare pasientar på Gulen sjukeheim. I 2016 betalte kommunen for liggedøgn (13 døgn i 2015).

Nye krav til kommunen set nye krav til kompetanse. Ein kompetanseplan med bakgrunn i nye krav er utarbeidd og politisk vedtatt. Nokre av oppgåvene i samband med reforma ser ut til å kunne løysast best med interkommunalt samarbeid. Gulen kommune har ØDH (Øyeblikklege DagHjelp)-plassar i samarbeid med Nordhordland interkommunale legevakt. Ordninga med interkommunal legevakt synest å fungere greitt for alle partar.

Pleie i institusjon

	Institusjon				
	2012	2013	2014	2015	2016
Tal utskrivingar totalt	16	19	17	16	21
Utskriving etter langtidsopphold	5	11	6	5	4
- Av desse etter dødsfall	5	11	6	4	4
Utskrivingar etter korttidsopphold	11	3	11	11	17
- Av desse etter dødsfall	0	0	1	2	0
Avllasting	0	5	0	0	0

Gulen sjukeheim er delt i tre avdelingar for pleie: langtidsavdelinga har 12 plassar, rehabilitering og avlastning 8 plassar, dementavdelinga har 8 plassar, ein plass har tildelegare vore nyttar til avlastning. Siste året har plassen vore nyttar til fast plass grunna

stor trong for fast institusjonsplass. Kommunen har nytt dagtilbod som alternativ for demente som bur heime.

Kompetanseutvikling har vore satsa på. Tilsette har starta med ulike helsefagutdanninger.

Kommunen har fått prosjektmidlar frå helsedirektoratet til eige prosjekt knytt til pårørandearbeit og lindrande omsorg. 20 % prosjektstilling er finansiert og knytt til prosjektet.

Prosjekt «Velkommen inn-pårørande på timeboka» er vidareført med prosjektmidlar frå Fylkesmannen, prosjektet skal og gjennomførast i open omsorg.

Institusjonen har og fått prosjektmidlar frå Fylkesmannen til eit «Opplærings- og integreringsprosjekt». Prosjektet nyttar etisk refleksjon som metode.

Etter tilsyn frå Fylkesmannen har institusjonen utarbeidd nye og betre rutinar på oppfølging av rehabiliteringspasientar og tverrfaglege samarbeidsmøte. Arbeidet med rehabiliteringsavdeling har vore prioritert og vidareført i 2016.

Open omsorg

Heimebaserte tenester					
	2012	2013	2014	2015	2016
Tal brukarar i året	98	98	111	112	108

Brekke, Byrknes og Dalsøyra sone, sone BBD, vart i 2013 slått saman til ei sone med felles einingsleiar. Ordninga fungerer etter intensjonen. Sone Eivindvik er ikkje med i samanslåinga. Dei ulike avdelingane (Brekke, Byrknes og Dalsøyra) er om lag like store og brukartalet er også mykje likt. Grunna nedbygging av sjukeheimen, og at pasientar vert tidlegare utskrivne frå sjukehus, med fleire oppgåver overført til kommunehelsenesta, er det trøng for auka kompetansen på personalet vårt. Ei stor utfordring for sonene våre er å skaffe nok kvalifisert personale. Det er utarbeidd kompetanseplan for å betre stoda.

Avdeling Brekke og Dalsøyra kjøper middag frå Masfjorden. Ordninga fungerer tilfredsstillende, men vi ser at det går mykje tid vekk i henting av middag. Avdeling Byrknes kjøper middag frå lokal kafe. Sone BBD har ambulerande nattevakt stasjonert i Brekke og på Byrknesøy. Erfaring syner at nattevaka vert bunden opp med vedtak på bu- og omsorgssentra, og er lite tilgjengelege for brukarar ute i sona. Intensjonen bak ambulerande nattevakt var at tenesta skulle vere tilgjengelig for alle som bur i eigen heim.

Kommunale bustader (PU)

Ein del av omsorgstenesta er knytt opp til personar med nedsett funksjonsevne. I løpet av 2016 har 7 av 9 brukarar heildørnsteneste, for 2015 var talet 5 av 9. Kommunen kjøper tenester på dagtid til ein brukar, medan open omsorg organiserer nattevakt. Fem vaksne brukarar får tenester i eigen heim av eige personale. Tre kommunale og eit privat husvære har vore nytta til avlastning. Siste halvår har tre av desse brukarane gått over til fast plass. To brukarar har fast bustad på Dalsøyra bu- og omsorgssenter. Tenesta driv og dagaktivitet for brukarane.

Det vert oppstart på bygging av 4 nye husvære og felles administrasjonsdel og aktivitetssenter våren 2017. Tenesta har hatt mykje arbeid med å førebu BPA-ordning (Brukarstyrt Personleg Assistent) for 2 av brukarane.

Helsenestene

Ordninga med eigen einingsleiar fungerer godt, eininga har no faste personalmøte. Eininger omfattar helsestasjon/skulehelsenestene med 1,4 stilling helsesøster. Gulen kommune kjøper 20 % jordmorstilling frå Masfjorden kommune. Gravide frå Gulen reiser til Hosteland for konsultasjon med jordmor. Gulen kommune kjøper 20 % psykologtenester frå Masfjorden kommune. Psykologen har ein fast dag i veka i Gulen.

Legetenesta består av tre fastlegar som har driftsavtale med kommunen, og faste kommunale stillingar for å utføre offentlege oppgåver. Kommunen har starta opp arbeidet med å rekruttere nye legar. Frå april 2013 vart Gulen kommune ein del av Nordhordland interkommunal legevakt stasjonert i Knarvik. Ordninga gjer at legane i Gulen kommune har vakt på kvardagar frå kl 08.00 til kl 15.30. I resten av tida kjøper Gulen kommune legevakttenester i Knarvik. Ordninga synest å fungere godt for alle partar.

Gulen kommune har 1 stilling som ergoterapeut fordelt på 50 % stillingar.

Fysioterapitenesta er organisert med 70 % driftsavtale, og 130 % fastløn.

Psykiatritenesta omfattar 2,3 stillingar. Tenesta har og støttekontaktar og arbeidstiltak for nokre personar. Mål for drifta er å vere eit lavterskeltilbod i forhold til psykisk helse. Innbyggjarane kan ta direkte kontakt og spørje om hjelp/informasjon, og det gjer dei. Gulen kommune har eit demensteam fordelt på ein 40 % stillingsressurs.

Gulen kommune starta opp Frivilligsentral i april 2015. Sentralen har 70 % stilling som dagleg leiar.

Satsingsområda er delt opp i tre hovudpunkt:

- Motivera lag og organisasjoner til å halde fokus på folkehelse i sine aktivitetar
- Psykisk helse
- Integrering og inkludering

2016 har vore eit arbeidsår der vi har hausta erfaring med ulike arbeidsfelt.

Barnevern

Arbeid i barnevernet					
	2012	2013	2014	2015	2016
Kontaktar med barn og unge	48	51	51	48	42
Tiltak (tal born)	28	47	39	53	40
Fosterheimstiltak	2	3	1	1	1 (ferdig)
Tilsynsansvar (tal born)	4	5	3	3	3
Støttefamiliar	13	15	17	19	11
Fritidskontaktar	10	16	16	15	5

Gulen og Masfjorden har frå 2016 hatt ei interkommunal barnevernteneste med Gulen kommune som arbeidsgjevar. Einingsleiar i Gulen er og barnevernsleiar i Masfjorden. Tenesta har fem tilsette, og er lokalisert i felles kontor på Hosteland, med gjestekontor i Eivindvik. Tilsette i tenesta har så langt positive erfaringar med samarbeidet. Tilbakemelding frå brukarane er også positive med omsyn til ny organisering. Barnevernet har blitt tildelt midlar frå Fylkesmannen til kompetanseheving, som har vore nytta til ei 100%-stilling; 50% i Gulen og 50% i Masfjorden. Barnevernet er ein del av KLAFF-gruppa, og deltek i det kommunale kriseteamet.

NAV

NAV					
	2012	2013	2014	2015	2016
Supplérande økonomisk sosialhjelpe	28	32	22	20	20
Deltakarar, kvalifiseringsprogrammet	4	1	0	0	0

NAV Gulen vart etablert i mars 2009, og er et partnerskap mellom NAV og Gulen kommune. Gulen kommune finansierer 0,5 stilling som leiar og 1,0 stilling som rådgjevar. Kommunen har også tilsett 1,0 stilling som flyktningkonsulent og 1,3 stilling som miljøarbeidar, organisert av NAV.

Den kommunale tenestemenyen (tenester som før vart administrert frå sosialkontoret) er: Opplysning, råd og vegleiing, økonomisk rådgjeving, økonomisk sosialhjelpe, individuell plan, kvalifiseringsprogrammet med tilhøyrande stønad, mellombels butilbod, bustøtte (Husbanken), startlån og tilskot (Husbanken) og gjeldsrådgjeving.

PLAN, LANDBRUK OG TEKNISK

Frå 01.01.13 vart Plan, landbruk og teknisk eining (PLT) slått saman med Drift- og vedlikehaldseininga (DRV). Eininga har eit stort arbeidsfelt og utfører om lag 25 årsverk, fordelt på om lag 40 tilsette.

Planlegging

Kommuneplanar og reguleringssplanar			
	Oppstarta	Under arbeid	Fullførte/erstattat
2016	4	8	1
2015	1	6	6
2014	6	6	9
2013	4	11	7
2012	7	11	13

Planverket knytt til arealdelene er i god orden. Fleire tunge reguleringssplanar starta i 2016.

Byggjesaker

Byggjeløye for bustader, fritidsbustader og andre bygg					
	2012	2013	2014	2015	2016
Heilårbustader	13	7	6	13	19
Fritidsbustader	31	7	3	20	20
Andre bygg*	28	25	30	27	70

*Næringsbygg, garasjer, naust osb.

Gulen har dei siste åra vore ein attraktiv utbyggingskommune for fritidsbustader, men aktiviteten avtok i 2012-13. Aktiviteten i 2015 og 2016 har tatt seg opp. Det var stor aktivitet knytt til «andre bygg» i 2016, som bidrog til større gebyrinntekter.

Kart og oppmåling

Kart- og oppmålingsarbeid			
	Innkomme saker	Ferdige saker	Utsende faktura
2016	49	44	44
2015	41	25	25
2014	38	24	20
2013	63*	42	37
2012	45	34	29

* Av desse er 40 stk. «rene» frådelingssaker, arealoverføringer og grensejusteringar. Resten er krav om endringar i matrikkelen, pavising av grenser og samanføyningar.

Aktiviteten innafor kart og oppmåling hadde ein stor auke med omsyn til saker og såleis inntekter. Til tenesta ligg og retaksering for eigedomsskatt.

Landbruk

Produksjonstilskot i landbruket				Regionale miljømidlar		Avløysing ferie og fritid		Refusjon for sjukeavløysing	
	Tal sokjarar	Utbetal (mill.kr)	Tal mjølkeprodusentar	Tal sokjarar	Utbetal (mill.kr)	Tal sokjarar	Utbetal (mill.kr)	Tal sokjarar	Utbetal (mill.kr)
2016	96	22,62	40	38	0,48	71	3,49	8	0,21
2015	96	19,89	42	41	0,52	74	3,41	9	0,71
2014	96	20,45	43	44	0,54	76	3,42	2	0,06
2013	96	20,13	44	51	0,65	80	3,33	3	0,05
2012	98	19,66	45	49	0,67	79	3,35	11	0,23

Jordbruket er ei stor næring i kommunen med lite nedgang i talet på aktive brukarar dei siste åra. I 2015 vart det ikkje gjeve tilbod om BU-midlar til tiltak i kommunen. Gulen fekk tildekt kr 150 000 til spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL-midlar), som var fordelt mellom 5 søknader. Vestskog har hatt hogstmaskiner i Gulen i 2016, og det vart høgd ut til 15 600 m³ tømmer. Dette er vesentleg meir enn på svært lenge.

Viltforvaltning

Hjortejakta i Gulen kommune			Fallvilt			Utfall				
År	Kvote (stk.)	Feite dyr (stk.)	Feite dyr (%)	Meldingar (stk.)	Hjort (stk.)	Oter, ørn (stk.)	Daud på staden (stk.)	Ettersøk - ikkje funn (stk.)	Friskmeld (stk.)	Aviva (stk.)
2016	754	672	89,1	18	18	0	11	1	0	6
2015	749	561	74,9	21	20	1	10	3	2	5
2014	748	604	80,7	18	18	0	6	4	5	3
2013	766	617	80,5	11	11	0	6	1	1	3
2012	760	622	81,8	23	19	4	9	5	1	8

Gulen er av dei største hjortekommunane i Sogn og Fjordane. Det har aldri vore felt fleire dyr enn i 2016, og avskytinga var heile 89 %. I 2016 hadde kommunen 4 storvald og 38 ordinære vald. 21 vald er med i bestandsplanområdet som dekkjer delar av Gulen og nordvestlege delar av Masfjorden.

Veterinærtenester

Gulen administrerer veterinærtenestene for vaktdistrikt Høyanger (Høyanger, Gulen og Masfjorden). 4 veterinærar deler vaktene. Staten dekkjer mesteparten av ordninga.

Brann- og redningsvern, feiarteneste

Gulen og Masfjorden Brann og Redning (GMBR) hadde 80 utsyrkingar i 2016, mot 70 året før. Dei fleste utsyrkingane var som akutthjelpar (sjukdom).

Det vart i løpet av året gjennomført fleire øvingar internt i brannvesenet og i samarbeid med andre aktørar.

Brannforebyggande arbeid skjer gjennom NGIB (Nordhordland og Gulen interkommunale brannforebyggande avdeling). Det er avdekt behov for betre brannteknisk dokumentasjon for dei kommunale bygga, som vart arbeidd med i 2016.

Gulen var i heile 2016 med i felles feiarteneste for kommunane Modalen, Masfjorden, Solund og Gulen. Masfjorden kommune administrerer ordninga, som er brukarfinsiert.

Vatn, avlaup og renovasjon (VAR)

Oversikt vassforbruk		
År	Elvindvik vassverk (m ³ pr. år)	Vassforsyning Sløvåg (m ³ pr. år)
2016	67 138	51 321
2015	85 486	37 124
2014	80 429	39 899
2013	101 678	40 779
2012	75 500	42 895

VAR-tenestene er sjølvkosttenester. Abonnementane betaler sjølv kostnaden med tenestene gjennom gebyr.
Vassforsyning: Gulen kommune eig anlegga i Elvindvik og Sløvåg-området, medan resten av vassverka i Gulen er private. Prosess for eventuell overtaking av Anneland vassverk er oppstarta. Pr. 31.12.16 er sjølvkostfondet i minus, og høgare vassgebyr er nadsynt i åra framover.

Elvindvik vassverk: Anlegget har fungert utan store feil og manglar.

Vassforsyning Sløvåg: Gjennom samarbeid med Masfjorden kommune har leidningsnettet og pumpekapasitet no vorte oppdimensjonert til vesentleg høgare leveranser av vatn til Sløvågområdet. Om auka leveranse på kort og lang sikt. Nytt hogdebasseng i Sløvåg er i drift, og sikrar brannvasskapasiteten. Kontrollen med vassleveranse og lekkasjar i Sløvåg er no særslig godt.

Avlaup: I meldingsåret var det noko problem knytt til avlaupssystemet på Byrknes, elles greitt. Pr 31.12.16 står kr 391 219 på sjølvkostfond.

Slamtømming: Kommunen har ansvar for slamtømming for ca. 1030 abonnementar. Det praktiske arbeidet er administrert av NGIR. Kommunen har tilsynsplikt i høve til private slamavskiljarar (*ureiningsforskrifta §12 og 13*). Pr 31.12.16 står kr 266 442 på sjølvkostfond.

Renovasjon: NGIR har overtatt heile forvaltninga frå 2014, og dette fungerer bra.

Bygg

Dei siste åra har kommunen skifta ein god del golvbelegg, vindauge, dører og taktekking. Ingen graverande avvik er kjende, men dokumentasjonen på bygningsane er mangelfull.

Av samla bygningsmasse på 24 648 m² er heile 60 % over 30 år og 75 % over 20 år.

Installasjon av gode ventilasjonsanlegg har vore satsa på dei siste åra, og skulane i Brekke, Dalsøyra og Eivindvik har no nye anlegg.

Alle kommunale vegar og bygningar er formelt samla under tenesteeininga drift og vedlikehald. Vaktmeistrane og reinhaldarane, med unntak for reinhaldarane på Gulen sjukeheim og bu- og omsorgssentra, er plasserte innafor eininga.

Vegar og uteanlegg

Gulen kommune har 130,5 km kommunale vegar. Både sommarvedlikehald og brøyting vert i hovudsak utført av private kontraktørar og entreprenørar.

I 2016 vart det ikkje lagt nytt fast dekke, men det vart reasfaltert frå Rutledal til Brosvik. Største utbetringskostnadene (grusing) var på Hisarøy og til Skjerjehamn. Autovern vart sett opp ved Sygnefest og Fallebø. Gulen kommune har framleis 43 km med grusvegar, noko nedslitne asfaltvegar, manglende autovern og generelt vesentleg oppgraderingsbehov på kommunale vegar.

Vedlikehaldsetterslep på 28 kommunale bruer og 20 kommunale kaier er rekna til om lag kr 10 mill.. Tilstandsrapportar er utarbeidd på desse områda.

I tillegg til drift og vedlikehald av eigne uteanlegg, utførar eininga slått og vedlikehald på kyrkjegardane og på Flolid i høve til tenesteytingsavtalar med Kyrkjeleg fellesråd og Tusenårsstaden Gulatinget, og tenester for Hjelpemiddelsentralen og omsorgseiningane. Driftseininga har ansvar for mange arbeidsfelt, og eit stort kontaktfelt mot interne brukarar, leigetakrar, kontraktørar, entreprenørar, eksterne tilsyn og innbuarane i kommunen.